

Kommunedelplan for Ågotnes  
Samandrag av merknader til høyringsframlegg 2013 og rådmannen si vurdering av desse.

Referanse Journalnr.	Avsendar	Tema	Samandrag av merknaden	Rådmannen si tilråding
137	Fylkesmannen i Hordaland		Fylkesmannen har ingen særskilte merknader til endringane i planen.	Vert tatt til etterretning.
138	Kystverket Vest		Viser til sitt fråsegn 4.9.2012, utover dette har ikkje Kystverket merknader til planen.	Vert tatt til etterretning.
139	Statens Vegvesen		Viser til tidlegare uttale 13.9.2012 som står ved lag. Med utviding av KB6 sørover føreset SVV at tilkomst til KB6 vert via det framtidige krysset til industriområdet (CCB-basen).  Dei gjer merksam på at endringane av KB2 gjer at byggeområdet kjem nær fv561 og vert meir utsett for støy.  Elles har dei ikkje vesentlige merknader til planen.	Føresegnene knytt til utvikling av Kb6 seier at kryssløysing mot V1 skal utgreiast som tilkomst. Løysing er ikkje endelig fastsett i KDP, men utsett til utarbeiding av RP. SVV vil verte involverte i eit framtidig reguleringsarbeid.  Det er ikkje gjort endringar i avgrensing av byggeformålet i planframlegget i høve til planframlegget som var på høyring i 2012, slik SVV framstiller det. Det som var O/P 2 i framlegget i 2012, er no ein integrert del av KB2. Det er krav om utgreiing av støy i RP.
140	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum		Oppmodar kommunen å sørgje for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har ein klausul i kommunedelplanens forskrifter om at dei skal utgreiast med regulerings- eller byggeplan, og dermed vert lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen. Dei oppmodar også om at kommunen sørgjer for at kommunedelplanens føresegner har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for BSF for uttale via fylkeskommunen.	Dette er sikra gjennom anna lovverk.
141	Noregs vassdrags- og energidirektorat		NVE har ingen merknader til endringane i planframlegget.	Vert tatt til etterretning.
142	Trygve Ågotnes		Meiner planen er bra, men som grunneigar meiner han at bnr 621 ikkje eignar seg til tur/rekreasjonsområde. I staden ønskjer han bustadformål med krav om reguleringsplan.	Område har verdi som del av eit samanhengande landbruk- natur og friluftsområde (LNF). Omdisponering frå landbruksområde til bustadområde er del av i ei heilskapleg vurdering av utbyggingsmønsteret på Ågotnes. Dersom det skal framleis skal vera mogleg med landbruksdrift på Ågotnes er det avgjerande med samanhengande område. Det aktuelle området er derfor prioritert som LNF i denne perioden.
143	Norconsult for Sotra Trelast og Liegruppen		Meiner det er vesentlige "flaskehalsar" som står att før planen er realiserbar. Trekker fram 4 punkt. 1) Parkeringsdekninga må vera høgare for å få næringsdrivande til å etablere seg. 2) Park1 (P1) må regulerast i saman med enten S3 eller vegen – ikkje med S4. 3) Barnehage må kunne ha ein del av naudsynt uteareal felles med grønstruktur/park 4) Meir fleirfunksjonelt sentrum òg nord for dagens hovudveg, og meir fleksibel fordeling av funksjonar i sentrumsformåla.  To tilleggspunkt er også fremja. 5) forslag om endring av føresegn 2.1. og meiner at kommunen ikkje kan krevje at bygg (over 500 kvm BRA) skal knytte seg til fjernvarme – med ein bestemt leverandør. 6) Areal for barn og unge skal kunne vere under 10 m enkelte plassar.	1) Framlegget i merknaden foreslår ei parkeringsdekning på 40/1000 m2 (for forretning) og 20/1000 m2 (for kontor) noko som vil være ein vidareføring av vedtekter frå 1989, og ikkje i samsvar med nasjonale føringar. Parkeringsdekninga i framlegget til plan er høgare enn både parkeringsdekninga på Straume og Bergen ytre by (P4). Då omlandet til Ågotnes i større grad enn omlandet til t.d. Straume er avhenging av bil vert det vurdert som hensiktsmessig og imøtekome merknaden. I punkt 1.4, parkeringsdekning vert parkeringsnorma for forretning, kjøpesenter, tenesteyting og bevertning oppjustert. Justeringar inneber ei auke frå 25 til 30 p-plassar pr 1000 m2. For kontor i sentrumsnært område vert parkeringsnorma oppjustert frå maks 12 til maks 17 pr 1000 m2. Ein må også rekne med at funksjonsblandinga i sentrumsformålet og sambruk av parkeringsareal i praksis kan gje noko høgare parkeringsdekning. Vedtekne planar i nabokommunar har vore nyttige for samanlikning og rettleiande innan ulike tema. Dei har fungert som retningsgivande både med tanke på ambisjonar om å få redusert bilbruken og oppfylle nasjonale krav. Kollektivdekning til Ågotnes er frå august 2013 auka til kvart 20 minutt i rushet. Kommunen har ikkje virkemiddel for å følgje opp forslaget om å stramme inn p-dekning i etterkant/seinare rulleringar av planen slik merknaden foreslår. 2) Funksjon og bruk av eit parkområde versus

Kommunedelplan for Ågotnes  
Samandrag av merknader til høyringsframlegg 2013 og rådmannen si vurdering av desse.

				<p>utmarksområde er to forskjellige ting, og formåla vil gje ulike kvalitetar til eit sentrumsområde. KDP Å legg opp til parkformål og rådmannen kan ikkje tilrå å gå vekk frå prinsippet om å få etablert park som del av neste byggetrinn i sentrum. Parkformålet er delt i to delar, då det er vurdert som lite hensiktsmessig og bygge og regulere park 2 utan at detaljplanar for ny fv561 er klar. Park 2 skal regulerast saman med S3.</p> <p>3) Det er ikkje mogleg å oppfylle krav til utearealet for barnehage innanfor eit parkformål. Dette har mellom anna med tryggleik å gjere, og parken på si side skal for å ha den tiltenkte funksjonen som eit offentlig areal i sentrum skal ha vera open for alle, utan gjerder og stengslar. Kommunen men meiner det skal vera realistisk å kunne løyse krava til barnehage innanfor dei 25 daa som er sett av til sentrumsformål S4. Funksjonsblanding ligg til grunn for sentrumsformålet med eit klart mål om å lage eit moderne sentrumsområde. Funksjonsblanding opnar for at barnehagen ikkje treng å ligge som eit separat bygg.</p> <p>4) Kommunen held fast på funksjonsblanding og vil ikkje opne for bustad nord for fv. Dette for å unngå ytterligare uheldig samlokalisering. Behov for større fleksibilitet i S4 er vurdert som hensiktsmessig. Areal til barnehagen vil mellom anna utgjere ein del av næringsarealet i dette området. I punkt 4.9, sentrumsformål, er kravet til del bustadareal av bruksarealet nedjustert frå 60 til 50 % for dei sentrumsområda som opnar for funksjonsblanding med bustader, unntaket er S1 der bustader skal utgjere minimum 20 % og maksimum 50%.</p> <p>5) Punkt 2.1. er endra og er i samsvar med lovtekst.</p> <p>6) Merknaden vert teken til følgje på dette punktet. I punkt 18.11, som gjeld utforming av leikeareal, vert storleiken på det areal som ikkje kan reknast med i godkjent areal nedjustert frå 10 til 5 meter.</p>
144	Coast Center Base		<p>1) Ønsker at nytt kryss (V1) og innkjøring til Ågotnesområdet (næringsområdet) gjennomførast snarast. Det vert også foreslått at delar av traseen for fv224 vert flytta for å sikre god og teneleg veg for Vindenesområdet, dette vil samtidig sikre færre kryssingar mellom framtidig næringsområde NO3 og Hamretomten.</p> <p>2) Rettar oppmerksomheten mot beredskapsressursar i ein krisesituasjon knytt til baseområdet som er underlagt storulykke forskriften.</p>	<p>1) I KS sak 28/13 er det vedtatt oppstart av RP for heile strekninga Kolltveit – Ågotnes. Regulering av krysset vert ein del av den planprosessen. SVV og FK samarbeider om framdrift og gjennomføring. Omlegging av Bleivassvegen, fv 224, har ikkje vore tema i denne rulleringa, og det vert ikkje tilrådd å gjere endringar i slutfasen på planen. Ved detaljplanlegging av NO3 skal det tas omsyn til intern trafikkavvikling og gjennomfartstrafikk og mjuke trafikkantar. Trasear blir endelig fastsett i RP.</p> <p>2) ROS-analysen til KDP Ågotnes inneber berre vurderingar av nye tiltak/utbyggingsområde, dette er i samsvar med krava i pbl. Kommunen er gjort kjent med utfordringar knytt til vasstilførsel, det er derfor knytt rekkefølgekrav til dette for nye utbyggingsområde. Det er ikkje gjort vurderingar av eksisterande verksemd og aktivitet som er inne på baseområdet. Kommunen (v/ beredskapsleiaren) deltek i eit interkommunalt samarbeid for å få på plass ei overordna ROS analyse for eksisterande arealbruk og verksemdar, her vil noverande aktivitet på basen inngå. FjellIVAR kan opplyse om at tilførsel av vatn inn til baseområdet/vanntårnet er utbetra hausten 2013, ledningsnett er inne på basen er ikkje kommunalt, men eigast og driftast av CCB.</p>

Kommunedelplan for Ågotnes  
Samandrag av merknader til høyringsframlegg 2013 og rådmannen si vurdering av desse.

146	Vindenes vel		<p>Merknaden gjeld endring av friområdet/LNF og buffersone nord og vest for NO3, samt omregulering av friområdet og LNF langs strandsona til industri (NO4). Vindenes vel er av den oppfatning at summen av desse forandringane vil gje innbyggjarane på Vindenes avgrensa tilgang til leik, aktivitet og rekreasjon i naturen, i nærmiljøet. Ønskjer ei vidareføring av gjeldande plan for desse områda.</p>	<p>I KU til KDP Ågotnes er det gjort klart at det er negative konsekvensar for bebuarane i Vindenesområdet, men samfunnsinteressene knytt til utviding av næringsområdet er vekta tyngre. Planen krev at det skal planleggast og iverksettast kompenserte tiltak for allmenta. Særskilt omsyn til landskap og omkringliggende areal ligg som premiss for regulering og utbygging, både ved utvikling av NO3 og NO4.</p>
147	Marit Knappskog		<p>Grunneigar har forståing for at eit samfunn må vera i utvikling, men meiner belastninga på den aktuelle eigedomen i dette høvet har blitt altfor stor.</p> <p>Stiller seg undrande til omgjering av formålet for innmarka, samanlikna med andre eigedomar på Ågotnes. Framlegg til KDP Ågotnes inneber endring frå LNF til grønstruktur for det arealet som omfattar bustad, og frå bustad til grønstruktur for ei ubebygd tomt. Ønskjer primært innmarka til bnr 28 omgjort til framtidig bustadformål, sekundært avgrense bustadformålet til å gjelde bustaden og frådela tomt.</p> <p>Meinar også at utmarka for den aktuelle eigedomen kjem svært uheldig ut når det gjeld arealdisponeringar. Store delar av utmarka er del av den sørlige kryssløysinga i kommunedelplan for ny hovudveg Kolltveit – Ågotnes. Ein mindre del av utmarka er sett av til park, LNF og sentrumsformål.</p> <p>Ønskjer ytterligare svar på følgjande spørsmål: 1) klagefrist på arealplanar, 2) når startar grunnverv knytt til ny hovudveg, praktiserar kommunen økonomisk bistand til juridisk hjelp til grunneigarar som ver omfatta av utbygging. 3) kan kommunen gje ei forklaring på skilnaden mellom LNF og grønstruktur. 4) Kva skal til for å verta høyrd av kommunen?</p>	<p>I overordna planlegging er vurderingane basera på ei heilskapleg vurdering knytt til framtidig behov, uavhengig av eigedomsgrensar. Planprosessen sikrar medverknad og grunneigarar har vore invitert til å sei si meining og koma med innspel til den overordna planen, både på folkemøte og ved offentlig ettersyn i 2012.</p> <p>Innspel som gjeld arealdisponeringar for innmarka på bnr 28 har ikkje vore fremja tidligare. Innarbeiding av endringar no vil krevje ny høyring av planen. Føresegnene i planen sikrar at det kan gjerast tiltak på bustaden som ligg i grønstruktur (mindre tiltak sjå definisjon i føresegnene), medan bygging på den fråskilte tomte vil ikkje vera i samsvar med planframlegget.</p> <p>I høve til gjeldande plan er formålet for innmarka endra frå LNF til grønstruktur. Skilnaden på desse to formåla er i praksis ikkje stor og kan virke uklart. Kommunen meiner likevel endringa er riktig då grønstruktur er eit formål som skal nyttast for grøntområde som ligg i tettbygde strøk. Til motsetning skal LNF nyttast der landbruk, natur og/eller friluftsliv er eller skal vera prioritert. Den generelle grønstruktur kategorien som er bruka for innmarka legg ikkje opp til framtidig opparbeiding av grønstrukturen.</p> <p>Store delar av utmarka inngår i kommunedelplan for ny fv561. Sjølv om detaljplanlegging av denne traseen vil frigjere ein del av utmarka, vil den vera sterkt prega av at den framtidige vegtraseen. KDP Ågotnes har integrert dette arealformålet i planframlegget, og vurderingane som vart gjort i 2009 knytt til kryssløysingar og anna er lagt til grunn.</p> <p>Den del av utmarka som tilhøyrer sentrumsområdet i KDP Ågotnes i form av park og sentrumsformål er avgjerande brikker i utvikling og målsettinga om å skape eit meir attraktivt sentrum, både med tanke på tenester og møteplassar.</p> <p>Dei spørsmåla som ikkje gjeld KDP Ågotnes, men opplysningar om kommunen sin praksis og plan- og bygningslova vert besvart i eige brev.</p>
148	Advokat Riisa & co for Geir Ekren		<p>Merknaden har fokus på kva uheldige verknader etablering av kryssløysing (V1) vil ha for næringslivet på Ågotnes, både med tanke på utnytting av areala og opprettholdelse av arbeidsplassar, samt at den gjev få fordelar og er konkurransevridande.</p> <p>Merknaden held fram argumentasjonen for alternativ utkjørsel, som vart fremja i førre uttale. Forslaget vil vera rimeligare for kommunen og ivareta dei same hensyna som planframlegget legg opp til. Ønskjer det foreslåtte formålet tilbakeført til industri, både i planframlegget og i tidligare vedtekne planar (KDP ny fv 561 Kolltveit – Ågotnes).</p>	<p>Det framkjem ikkje nye moment i merknaden i høve til førre høyring. Merknaden foreslår ei løysing som ikkje ivaretek dei same omsyna som planframlegget. Vurderingane som ligg til grunn for planframlegget er gjort av Statens vegvesen, kommunen og konsulent Helge Hopen, med vegteknisk og planfaglige kompetanse.</p> <p>Argumentasjonen for kryssløysinga (V1) i planframlegget er vurdert i arbeidet med KDP for ny fv 561. Vurderingane er spesielt knytt opp mot den framtidige trafikkavviklinga i sentrum der målet er effektivitet for næringstransport og skjerming av sentrum. Avstanden mellom krysset i sør og nord på ny hovudveg er derfor</p>

Kommunedelplan for Ågotnes  
Samandrag av merknader til høyringsframlegg 2013 og rådmannen si vurdering av desse.

				<p>avgjerande for å oppnå avlastning av sentrumsområdet i framtida. Det er gjort nye vurderingar i 2012 (rapport juni 2012, utredning av alternative trafikk – og kryssløsningar), knytt til effekten av å etablere dette krysset som eit strakstiltak for å lette på rushproblematikken på Ågotnes.</p> <p>Det er ikkje tilrådelig å fastsette arealbruk for det aktuelle området, som ikkje er i samsvar med vedtekne overordna planar.</p>
149	Bergen kommune		Bergen kommune har ingen merknader til det reviderte planforslaget.	Vert tatt til etterretning.
150	Hordaland Fylkeskommune		Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til det reviderte forslaget til kommunedelplan for Ågotnes.	Vert tatt til etterretning.
151	Arne Ingolf Lie		Stadnamn som er nytta for området der det vert planlagt nytt avlaupsreinseanlegg (ABA1) heiter ikkje i Knappen, men Krekebærneset. Ber om at dette vert tatt omsyn til før endeleg vedtak.	Vert tatt til etterretning, planframlegget endrast.
152	BKK nett AS		Ågotnesområdet har hatt og vil få ei større auke i kraftforbruket enn det BKK hadde rekna med. Dei utfører analyser og reknar med å måtte utføre større utbyggingar og forsterkingar dei komande åra, både på 22kV-kablane, men og hovudtransformatoren. Montering av ny transformatorstasjon utføres etter anleggskonsesjon og krev konsesjonssøknad til NVE, som er ein tidkrevjande prosess. Legging av nye 22 kV-kablar utføres etter BKK sin områdekonsesjon og krev ikkje konsesjonssøknad.	Vert tatt til etterretning. BKK har vorte halde orientert om utviklinga på Ågotnes i løpet av planarbeidet.